



MILJØDIREKTORATET  
Postboks 5672, Sluppen  
7485 TRONDHEIM

Dato: 28.03.2017  
Vår ref.: 2016/34595-25  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

## Tilskot til statleg sikring av friluftsområder 2017

Oversender vedtak frå Hordaland fylkeskommune.

Prioriteringa vart vedteke i *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* 22. mars 2017.

Ta kontakt med Eirik Knive [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no) om det er spørsmål eller de har bruk for meir info.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
idrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar: Eirik Knive

Arkivnr: 2016/34595-24

Saksbehandlar: Eirik Knive

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	37/17	22.03.2017

**Tilskot til statleg sikring av friluftsområder 2017****Samandrag**

For å sikre område til friluftsliv skaffar det offentlege til veie areal ved erverv av eigedomsrett eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale). Det viktigaste føremålet med statlege midlar til sikring av friluftslivområde, er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet. Sikring av område for friluftsliv i nærrområde er eit viktig verkemiddel for å nå grupper som er lite aktive.

Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstader vert prioritert. Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søke på ordninga.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å vurdere og prioritere innkomne søknadar om tilskot til statleg sikring av friluftsområde, og sende søknadane vidare med ei tilråding til Miljødirektoratet innan 1. april. Sakene vert endeleg avgjort i Miljødirektoratet, og dei gir melding til søkar om utfallet innan 1. juli. Det er inga klagerett. Utval for kultur, idrett og regional utvikling får referatsak om utfallet i løpet av hausten.

Klima- og miljødepartementet sine føringar, regional kulturplan for Hordaland (2015-25) og kartlegginga med verdsetting av regionale friluftsområde i Hordaland frå 2008 ligg til grunn for vurderingane.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2017: Nasjonal budsjettramme	28,5 mill. kr
Søknadsfrist 2017:	15. januar
Vedtak kriteria:	<a href="#">Rundskriv T-1/16</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>
Tal på søknadar:	23 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtta:	23 søknadar
Samla søknadssum:	3 375 000 kr
Tilrådd til fordeling:	3 375 000 kr

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:**

I Hordaland ligg 76% av alle statlege friluftsområder utanfor tettstader, medan 79 % av alle innbyggjarane bur i byar eller tettstader. Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruka av bil eller båt, og

som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstader skal prioriterast for å nå dei befolkningsgruppene som er lite fysisk aktive og deltek lite innan friluftsliv

Innan fristen 15. januar kom det inn 23 søknadar fordelt på friluftsområder i 10 kommunar. 17 av søknadane frå Bergen og Omland friluftsråd omhandlar vederlagsfri omgjerung til statleg sikra friluftsområder, og er utan økonomiske føresetnadar, bortsett frå Solheimsdalen som utgjør ein kostnad på 17 000 kr for kart- og delingsforretning samt tinglysingsgebyr. Det er avklart med Miljødirektoratet at desse 17 søknadane ikkje skal prioriterast mellom.

Lokale friluftsområder, som primært vert nytta av brukarar frå ein kommune, kan få statleg støtte opptil 50% av kostnadane. Regionale friluftsområder, som også vert mykje brukt av tilreisande frå andre kommunar, kan få statleg støtte med opp til 100% av kostnadane. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.

Fylkesrådmannen vurdert søknadane saman med fylkesmannen, og vektlagt område som blir/ vil bli intensivt nytta og som bør tilretteleggjast for friluftsliv. Fleire av søknadane omhandlar komplimentering av eit større friluftsområdeområde kor delar av området er statleg sikra frå før.

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:

1.

	Namn på søkjar	Kommune	Tiltak	Tilrådd støtta med kr
1	Bergen og Omland friluftsråd	Os	Stokkavika	84 000
2	Bergen og Omland friluftsråd	Radøy	Solheimsvika	32 000
3	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Melderskinn	150 000
4	Bergen og Omland friluftsråd	Sund	Risøyna	1 807 000
5	Friluftsrådet Vest	Fitjar	Teløy	785 000
6	Bergen og Omland friluftsråd	Osterøy	Kleiveland	500 000

### Vederlagsfri omgjerung

Namn på søkjar	Kommune	Tiltak	Tilråding
Bergen og Omland friluftsråd	Askøy	Lyngvik	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Askøy	Stien	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Askøy	Geitholmen	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Askøy	Hanevik	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Bergen	Helleneset	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Bergen	Solviken	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Bergen	Breistein	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Bergen	Tømmervågen	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Fjell	Indre Senholmen og Vestre Lyngholmen	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Fjell	Lønø	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Fjell	Langøyholmane	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Os	Lysøen	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Os	Søvikvågen	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Sund	Setravika	Støttar søknad

Bergen og Omland friluftsråd	Sund	Risvika	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Tysnes	Solheimsdalen	17 000
Bergen og Omland friluftsråd	Tysnes	Ånuglo	Støttar søknad

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.03.2017

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

«Nytt forslag punkt 2:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling registrerer at det ikkje føreligg søknader om sikring av friluftsområde i indre Hardanger og Voss.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil oppmoda desse kommunane om å vurdere å fremje søknad om tiltak til statleg sikring av friluftsområde.»

Kjell Håland trekte forslaget sitt.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om sikring av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:

1.

	Namn på søkjar	Kommune	Tiltak	Tilrådd støtta med kr
1	Bergen og Omland friluftsråd	Os	Stokkavika	84 000
2	Bergen og Omland friluftsråd	Radøy	Solheimsvika	32 000
3	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Melderskinn	150 000
4	Bergen og Omland friluftsråd	Sund	Risøyyna	1 807 000
5	Friluftsrådet Vest	Fitjar	Teløy	785 000
6	Bergen og Omland friluftsråd	Osterøy	Kleiveland	500 000

### Vederlagsfri omgjerung

Namn på søkjar	Kommune	Tiltak	Tilråding
Bergen og Omland friluftsråd	Askøy	Lyngvik	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Askøy	Stien	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Askøy	Geitholmen	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Askøy	Hanevik	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Bergen	Helleneset	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Bergen	Solviken	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Bergen	Breistein	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Bergen	Tømmervågen	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Fjell	Indre Senholmen og Vestre Lyngholmen	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Fjell	Løno	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Fjell	Langøyholmane	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Os	Lysøen	Støttar søknad

Bergen og Omland friluftsråd	Os	Søvikvågen	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Sund	Setravika	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Sund	Risvika	Støttar søknad
Bergen og Omland friluftsråd	Tysnes	Solheimsdalen	17 000
Bergen og Omland friluftsråd	Tysnes	Ånuglo	Støttar søknad

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
Fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.03.2017**

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.